



Samarbeidsutvalet Leiknes skule

Leiknes, 27.09.23

Uttale til Planprogram, barnehage- og skulebruksplan

Samarbeidsutvalet ved Leiknes skule ønskjer å spele inn nokre kommentarar og innspel til framlegget som er på høyring

- Eine referansegruppa bør ha Fau-medlemmar frå kvar skule. Dette kan eventuelt vere i form av eit kommunalt foreldreutval kor alle skular har medlemmar.
- Foreldrerepresentantane må verte tatt med tidleg i prosessen, gjennom arbeid i referansegruppa. Nødvendig at alle kjenner på at dei vert høyrd og får medverke, for å best kunne få til ei positiv tilnærming. At alle foreldreutvala opplever at deira innspel er viktige og relevante, er avgjerande når vi står framom krevjande prosessar.
- Ønskje om ein meir detaljert tidsplan. Kan t.d. dialogmøta i ungdomsskulekrinsane tidfestast med vekenummer?
- Kan referansegruppemøte også tidfestast? Viktig å få på plass datoar snarast råd, for å leggje til rette for gode prosessar i lokale utval i forkant av innspelsrundane.
- Høyringsfrist på «framlegg til barnehage- og skulebruksplan» må vere seinast 15.juni, gjerne før. Svært viktig å halde tidsskjema når planen skal ut på høyring slik at ikkje ein vert forseinka grunna feriar.

Med vennleg helsing

Samarbeidsutvalet v/Leiknes skule